



Arkivsaksnr.:  
2022/4810

Dokumentdato:  
12.10.2022

Styre:  
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Styresak:  
96/22

Møtedato:  
20.10.2022

---

## Opprettelse av emnet PED210 Vitenskapelige metoder

---

### Bakgrunn

Da bachelorprogrammene ved Det psykologiske fakultet ble etablert i 2005 ble undervisningen i forskningsmetode samlet i emnet PSYK202. Emnet drives av Institutt for samfunnspsykologi. Undervisningsansvaret og -oppgavene har vært ulikt fordelt mellom de ulike programmene over tid.

Forskningsmetodekurset PSYK202 er satt sammen av tre deler: kvantitativ metode, kvalitativ metode og data-analyse/øvinger (der studentene velger mellom øving i statistiske analyser og øving i kvalitative analyser). Studentene på bachelorprogrammene ved fakultetet tar emnet i sitt fjerde semester, og de siste tre årene har det vært ca. 180 vurderingsmeldte studenter hvert semester. Samlet sett er det gode evalueringer av emnet, men i evalueringene gjort de siste semestrene er det, spesielt i studentevalueringene, trukket frem at seminarene innen kvalitativ metode i mindre grad var nyttige for å dekke læringsmålene. Dette knyttes i stor grad til en krevende ressursituasjon på instituttet (ISP) knyttet til kvalitativ metodekompetanse. Ved oppstarten av emnet og de første årene emnet gikk var IPED sterkt involvert, spesielt i undervisningen i kvalitativ metode og sensurarbeidet, men i senere tid har ikke instituttet vært like involvert i emnet.

Det har i flere år foregått i en diskusjon om instituttene fortsatt bør satse på et felles emne, eller ha to adskilte emner for best å kunne dekke spesifikke metodetradisjonene i psykologi og pedagogikk.

Vurderingene til de to involverte Instituttene for pedagogikk og Institutt for samfunnspsykologi er at et nytt emne opprettes for studenter i BA pedagogikk og spesialpedagogikk, eid av Institutt for pedagogikk. Opprettelsen av et nytt metodeemne på IPED har vært drøftet på både instituttleder møte samt annet møte hvor fakultetsledelsen og instituttlederne på aktuelle institutt var til stede.

De to instituttene har avtalt at studenter kan veksles etter behov: hvis en PED/SPED student ønsker en mer kvantitativ orientering i metode, kan hen ta PSYK202, og for BA studenter på ISP som kan ta et metodeemne mer preget av kvalitative metoder ved IPED.

Studentene på bachelorprogrammene tar normalt metodeemnet i sitt fjerde semester. Våren 2023 vil det være ca. 110 studenter som tar PSYK202 dersom dette vedtas. I PED210 vil det være ca. 42 studenter våren 2023 dersom dette vedtas.

Det er flere gode grunner for etablering av mer spisset metodeundervisning, bl.a.:

- Bachelorprogrammene i psykologi har emnet Innføring i metode (PSYK113, 5 stp.) i løpet av første studieåret, noe som gjør at studentgruppene starter med ulike forutsetninger og gjør PSYK202 mer krevende for BA Ped/Sped studenter, og for underviserne som må møte veldig forskjellige behov
- Nå som BA i spesialpedagogikk har blitt etablert, har IPED et relativt stort kull BA studenter (cirka 40), som passer godt til et eget emne.
- I tillegg, det med å ta ut 40 studenter fra PSYK202 gjør studentantall mer håndterbart.
- BA-oppgaver ved ISP pleier å være kvantitative mens på IPED er oftest kvalitative, som egner seg for forskjellige emner
- Bruk av passende eksempler, case og litteratur blir enklere med noe mer homogent studentgrupper
- At undervisningsmaterialer blir mer spisset for en mer snever målgruppe kan føre til bedre tilhørighet i studieprogrammet og tilknytning til faget. En hypotese er at dette kan resultere i bedre gjennomføring og lavere strykprosent/frafall

### **Saksgang**

Instituttet har behandlet saken i undervisningsutvalget 08.09.22. UU-møtet vedtok følgende: *«UU støtter forslaget om opprettelse av emnet PED210 Vitenskapelige metoder og sender saken videre til behandling i KUE og endelig vedtak i fakultetsstyret, med forbehold om at det blir stilt tilgjengelige ressurser.»*

KUE behandlet saken i møte 21.09.22 (KUE-sak 15/22) og vedtok følgende:

*«KUE støtter forslaget om opprettelse av emnet PED210 Vitenskapelige metoder. KUE ber fagmiljøet spesifisere obligatorisk undervisningsaktivitet før saken sendes til fakultetsstyret for endelig godkjenning. KUE gir visedekan fullmakt til å godkjenne endring i emnebeskrivelsen. KUE ber instituttet gjøre emnet åpent for alle bachelorstudenter ved fakultetet.»*

Endringer i emnebeskrivelsen i form av spesifisering av obligatorisk undervisningsaktivitet og krav til studierett er oppdatert før saken sendes til fakultetsstyret.

### **Økonomiske anslag**

IPED har i sitt budsjettforslag skrevet de ønsker at det blir satt av ressurser til å prøve ut det nye metodekurset for bachelorprogrammene i pedagogikk og spesialpedagogikk. Det vises til en svært høy strykprosent blant IPED sine studenter på det nåværende metodekurset PSYK202, og at et eget emne sannsynligvis vil føre til bedre gjennomføring og mer inntekter i resultatmidlene. Så selv om dette på kort sikt vil innebære en utgift med ekstra bemanning, så vil man trolig være tjent med det senere når resultatmidlene kommer. De viser også til at det er en lang historikk som leder frem mot ønsket om et eget metodekurs. Studenttallet på IPED sine program har økt kraftig siden fakultetets fellesemne ble opprettet. Etter mange år med dårlige resultat på PSYK202 for instituttet sine studenter er det derfor ønskelig å prøve ut det nyutviklede metodeemnet for pedagogikk og spesialpedagogikk studentene for å redusere strykprosenten og styrke det faglige utbyttet.

### **Kommentar fra fakultetsledelsen**

KUE tok stilling til den faglige-pedagogiske og formelle utformingen av emnet og ikke ressurspørsmål. Fakultetsledelsen støtter at IPED og ISP tilbyr separat metodeundervisning

til deres studenter. Selv om samarbeid på undervisning på tvers av fagmiljøer har en verdi i seg selv, i dette tilfellet kan det å redusere akkurat dette samarbeid til en avtale om veksling etter behov styrke tilbudet til studenter i lavere grads programmer, som er en målgruppe som fakultetsledelsen er opptatt av å ivareta.

Som følge av etableringen av emnet PED 210 er det gjort mindre endringer i emnet PSYK202. Disse endringene er av en slik art at de ligger innenfor kompetanseområdet til undervisningsutvalget ved ISP og vedta disse.

#### **Forslag til vedtak:**

- Fakultetsstyret godkjenner emnet PED210 Vitenskapelige metoder og emnebeskrivelsen som instituttet har satt opp, og
- Fakultetsstyret legger til grunn at IPED tilbyr emnet innen de økonomiske rammene som instituttet forvalter i dag.

#### Vedlegg

- Emnerapport/emnebeskrivelse PED210 Vitenskapelige metoder
- Budsjettforslag 2023 – Budsjettinnspill fra IPED

Norman Anderssen  
dekan

Ove Chr. Borge  
fakultetsdirektør

#### Vedlegg

- 1 EpN\_Emnerapport PED210
- 2 Budsjettinnspel 2023 Iped

## Rapport for emne PED210

Stadiuminfo:	Godkjenning (S3)
Sist endret:	03.10.2022 Jeanett Hansen Svihus (jsv006)
Opprettet i EpN:	Ja

### Generelt

<b>Emnekodeforslag</b>	PED210
<b>Tilknyttede campuser</b>	
<b>Studienivå</b>	Videregående emner, nivå II (200)
<b>Administrativt sted</b>	184.17.00.00 Det psykologiske fakultet
<b>Studieansvarlig sted</b>	184.17.42.00 Institutt for pedagogikk
<b>Vekting</b>	15.0
<b>Vektingstype</b>	Studiepoeng
<b>Navn - bokmål</b>	Vitenskapelige metoder
<b>Navn - nynorsk</b>	Vitskaplege metodar
<b>Navn - engelsk</b>	Research methods
<b>Første undervisningstermin</b>	2023 VÅR
<b>Siste undervisningstermin</b>	
<b>Første eksamenstermin</b>	2023 VÅR
<b>Siste eksamenstermin</b>	
<b>Språk</b>	Norsk
<b>Studierettkrav</b>	J

### Rapportering

<b>Fag sortering</b>	PEDAGOGIKK Pedagogikk
<b>Studieprogram rapportering</b>	BAPS-PED Bachelorprogram i pedagogikk
<b>Tilknyttede studieprogram</b>	BAPS-PED Bachelorprogram i pedagogikk 2023 VÅR - null
	BAPS-SPED Bachelorprogram i spesialpedagogikk 2023 VÅR - null

### Vurdering

<b>Oppgave/avhandling</b>	NULL
<b>Endringsønsker for vurderinger</b>	

### Undervisning

<b>Enkeltemneopptak</b>	N
<b>Etteranmelding</b>	Direktepåmelding via StudentWeb
<b>Påmelding</b>	Direktepåmelding via StudentWeb
<b>Fjernund.status</b>	Nei
<b>Personroller</b>	
Administrativt ansvarlig	
Emneansvarlig	

Fagpersonweb - tilgang  
Plagiatansvarlig

## StudentWeb

---

**Merknad Studentweb**

**Merknad Studentweb - nynorsk**

**Merknad Studentweb - engelsk**

## Emneinfo

---

**Studiepoeng, omfang**

Nynorsk:

15 stp

**Studienivå (studiesyklus)**

Nynorsk:

Bachelor

**Undervisningsspråk**

Nynorsk:

Norsk

**Undervisningssemester**

Nynorsk:

Vår

**Undervisningssted**

Nynorsk:

Bergen

**Mål og innhold**

Nynorsk:

**Mål:**

Emnet har som mål å gje studentane ei grunnleggjande innføring i ulike metodiske tilnærmingar og grunnleggjande normer for vitenskapleg praksis i disiplinane pedagogikk og spesialpedagogikk. Dette inneber kvalitative og kvantitative framgangsmåtar samt deira vitenskapsteoretiske og forskningsetiske grunnlag. Emnet har også som mål å gjere studentane i stand til å tenkje kritisk om kunnskap som ligg til grunn for pedagogisk og spesialpedagogisk verksemd.

**Innhald:**

Emnet tar for seg korleis ein planlegg forskingsprosjekt. Dette inneber blant anna korleis ein går fram for å utforme eit forskingsprosjekt på bakgrunn av ein vald problemstilling, ulike framgangsmåtar ein kan velje mellom, samt etiske forhold som ein må ta omsyn til undervegs. Emnet vil og handle om kva som gjer forskning truverdig og påliteleg, og kva slags metodar som kan eigne seg til å forstå, forklare og diskutere ulike pedagogiske eller spesialpedagogiske fenomen og problemstillingar.

### **Læringsutbytte**

Nynorsk:

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

#### **Kunnskap**

Studenten:

- har kunnskap om ulike vitenskapstradisjonar og forståing av samanhengen mellom desse og ulike forskingsdesign
- har kunnskapar om kvantitative og kvalitative forskingsmetodar som vert nytta i fagområda pedagogikk og spesialpedagogikk
- har kunnskap om kriteria for god forskning, t.d. forskningsetikk og kjeldekritikk.

#### **Ferdigheiter**

Studenten:

- kan identifisere, diskutere og kritisk vurdere metodeval og design i pedagogisk og spesialpedagogisk forskning
- kan identifisere og diskutere ulike forskningsetiske dilemma
- kan formulere ei problemstilling som lar seg undersøkje og utforme eit forskingsdesign
- kan tolke og analysere kvantitative og kvalitative data

#### **Generell kompetanse**

Studenten:

- har utvikla kritisk vurderingsevne og djupare forståing av vitenskapleg tenkjemåte og praksis
- kan reflektere over kunnskapsgrunnlaget for pedagogisk og spesialpedagogisk verksemd
- har kompetanse i å vurdere argumenter si truverd og gyldigheit
- har kompetanse i systematisk utforsking av pedagogiske og spesialpedagogiske fenomen og problemstillingar.

### **Krav til forkunnskaper**

Nynorsk:

Ingen

### **Anbefalte forkunnskaper**

Nynorsk:

PED110, PED111, PED112, PED113

eller:

SPED100, SPED101, SPED102

### **Studiepoengsreduksjon**

Nynorsk:

PSYK202 = 15 studiepoeng i reduksjon

### **Krav til studierett**

Nynorsk:

Emnet krev studierett ved eit av følgjande studieprogram:

- Bachelorprogrammet i pedagogikk
- Bachelorprogrammet i spesialpedagogikk
- Bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi
- Bachelorprogrammet i generell psykologi

### **Arbeids- og undervisningsformer**

Nynorsk:

Undervisninga vert organisert i økter som kombinerer førelesing og seminarverksemd. Den organiserte undervisninga har eit omfang på 12x3 timar.

Læringsutbyte i emnet føreset aktiv deltaking i undervisninga som i hovudsak vil vere organisert fysisk på campus.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

Nynorsk:

- Møte førebudd og delta på alle seminara
- Munnlege presentasjonar og gruppearbeid i seminargruppene

Obligatoriske arbeidskrav må vere godkjente for å gå opp til eksamen i emnet.

### **Vurderingsformer**

Nynorsk:

Heimeeksamen over 5 dagar

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Nynorsk:

Alle

### **Karakterskala**

Nynorsk:

A-F

### **Vurderingssemester**

Nynorsk:

Vår

### **Litteraturliste**

Nynorsk:

Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.01. for vårsemesteret.

### **Emneevaluering**

Nynorsk:

Emnet vert evaluert i tråd med UIB sitt kvalitetssikringssystem.

### **Programansvarlig**

Nynorsk:

Institutt for pedagogikk

### **Emneansvarlig**

Nynorsk:

Institutt for pedagogikk

**Administrativt ansvarlig**

Nynorsk:

Det psykologiske fakultet

**Kontaktinformasjon**

Nynorsk:

Informasjonssenteret ved Det psykologiske fakultet





Det psykologiske fakultet

Referanse

2022/7321-ØYSLA

Dato

29.08.2022

## Budsjettforslag 2023 – budsjettinnspel frå IPED

Viser til Invitasjon til budsjettinnspel 2022/7321-SOLST.

### 1. Sammendrag – presentasjon av faglige oppgaver og utfordringer

Det er god søknad til studieprogramma ved Institutt for pedagogikk, noko som gjer at vi også kan forvente stabilitet i inntektene framover. Master i spesialpedagogikk hadde oppstart hausten 2021, og vil gå over til årlege opptak frå hausten 2023. Etterspørselen etter kurs og tenester i universitetspedagogikk er også aukande. Lektorutdanninga har no fått eit eige lektorsenter og redesignprosessen av studieprogramma i lektorutdanninga er byrja. Det vil framleis vere stort behov for vår kompetanse her i åra framover. Vekstområde i tillegg til dette er eksternt finansiert forskning, eksternt finansiert undervisningsutvikling og vidareutdanning.

Midlertidigheit er eit aukande problem for instituttet. Heilt sidan Instituttet vart opprette i 2010 har vi jobba med studieporteføljen for å kunne gje eit mest mogleg komplett tilbod innan dei pedagogiske faga Dette har vore krevjande, men vi har i stor grad lukkast og har i dag ei brei portefølje. Situasjonen er no slik at alle tilsette har fulle undervisningsplanar. Vi er avhengige av undervisningskapasiteten til stipendiatane og vi har hatt eit jamt behov for ekstra folk til å dekke undervisninga. Det å setje av tid til å gjennomføre større prosjekt, skrive søknader og fylgje med på kva moglegheiter som er for ekstra forskingsinntekter og vidareutdanningstilbod opplever vi som svært krevjande, og det hindrar oss i å nå måla for UIB-Fram. Spesielt er det problematisk at midlertidigheit og bruk av mange 20% stillingar for å dekke studieplanfesta undervisning gjer at vi har mindre forskingskapasitet enn om undervisninga var dekkta av fast vitenskapleg personale med forskingstid. Eit problem som også følgjer av dette er at dei faste tilsette brukar mykje av si tid til å setje nye vikarar inn i arbeidet slik at midlertidigheita ikkje skal gå utover studiekvaliteten.

Fagmiljøa våre har no utvikla eit metodekurs for bachelor i pedagogikk og spesialpedagogikk, og me ønsker at det blir sett av ressursar for å prøve dette ut. Det er svært høg strykporsent for våre studentar på det noverande metodekurset PSYK202, så eit eige emne vil sannsynlegvis føre til betre gjennomføring og meir inntekter gjennom resultatmidlane. Så sjølv om dette på kort sikt vil innebære ei utgift med ekstra bemanning, vil me truleg tene utgiftene seinare når resultatmidlane kjem inn. Det



er ein lang historikk som leier fram mot dette ønsket om eit eige metodekurs. Studenttalet på våre program har også auka kraftig sidan fakultetets fellesemne vart innført. Etter mange år med dårlege resultat på PSYK202 for våre studentar må me vedgå at det er på tide å gjere ei endring her.

EVU:

Institutt for pedagogikk har fleire prosjekter, både på forskings- og undervisningssida som både møter strategiplanen si satsing på lektorutdanning, universitetspedagogikk og globale samfunnsutfordringar.

Vi har utvikla eit EVU-tilbod i *Migrasjon og inkludering* som skulle vore starta i 2020. Grunna låge søkartal er oppstart utsett til hausten 2022.

Frå hausten 2020 har vi tilbydt 3 masteremne (eitt haust, to vår) i rettleiing. Studiet er finansiert av utdanningsdirektoratet (Kompetanse for kvalitet) og me har kontrakt for fem år. Det er faste tilsette knytt til lektorutdanninga som underviser her.

Instituttet har nyleg, i samarbeid med UiB-Videre, sendt inn søknad til HK-dir om midlar til å drive etterutdanning på feltet tilpassa opplæring og spesialpedagogikk. Vi har søkt tilskot til fire modularar a 15 stp, til saman eit årsstudium i spesialpedagogikk. Det er stor mangel på spesialpedagogisk kompetanse i skuleverket, både i grunnskulen og i vidaregåande skule. Det er også meininga å drive følgjeforskning på utdanninga, i første omgang på masternivå.

## 2. Budsjettforslag 2023

### Tiltak til forskingsverksemd

Det må vere eit minimumsmål at vi alltid har minst to eksternt finansierte prosjekt i vår portefølje. Instituttet har hatt som mål å komme opp på dette nivået i løpet av perioden 2017-21.

Det er sendt ein god del søknader og vi har inntekter knytt til utviklingsarbeid, men når det gjeld uttelling på eksterntfinansierte *forskningsprosjekt* ligg instituttet i dag for lavt, utan store NFR-prosjekt eller EU-prosjekt. I februar 2022 vart det sendt to søknader til NFR og det er venta svar i løpet av september 2022. I januar i år vart det sendt inn ein søknad om ERC-starting grant. Vi vonar på tilslag der.

For blant anna å møte behov i sektoren som er skissert i Meld. St. No 6, 2019-2020 «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO», bidro instituttet også i ein søknad som Universitetet i Oslo sendte til forskingsrådet i fjor om å få opprette nasjonalt senter for spesialpedagogikk. Søknaden fekk tilslag. Partnerskapet her finansierer ei 3-årig stipendiatstilling hjå oss, og stipendiaten byrjar hjå oss hausten 2022. I tillegg bidrar instituttet inn med ei 4-årig universitetsstipendiatstilling Tilslaget på søknaden høvde godt med opprettinga av Master i spesialpedagogikk. I denne fasen av oppbygginga av fagmiljøet er det ein stor fordel å inngå i eit større nasjonalt senter. Den nye ordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis», som også er eit svar på Meld. St. No 6, 2019-2020, sorterer under same kompetansehevingssatsing som Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling (tidlegare kalla desentralisert kompetanseutvikling) og er finansiert av utdanningsdirektoratet gjennom



statsforvaltaren. Det er skuleeigar som definerer rammene for UiB sitt samarbeid med skulane og hjelpetenestene i fylket i tilskotsordninga. IPED har vore aktive mht å utforme UiB sitt bidrag og har innleia eit godt samarbeid med Vestland fylke. Dette samarbeidet gjev inntekter som kan brukast til å etablere brei kontakt med sektoren og dermed leggje til rette for profesjonsutvikling og forskning.

I 2020 vart det sendt tre søknader til NORHED, ein av disse, CABUTE, vart innvilga med ein sum på 19,5 mill. CABUTE-prosjektet er eit lærarutdanningsamarbeid med tre utdanningsinstitusjonar i Uganda, blant anna Makerere University som UiB har hatt langvarig samarbeid med. I mai 2021 var det sendt ein ny søknad til DIKU/NORPART om ytterlegare eitt prosjekt i samarbeid med Makerere University, HeIEd denne gong med tilknytning til helseprofesjonsutdanning. Dette fekk også tilslag med ei ramme på 7,1 millionar kroner og startar opp hausten 2022.

### **Tiltak til undervisningsverksemd**

#### *Disiplinfaga pedagogikk og spesialpedagogikk*

Både bachelorprogrammet i spesialpedagogikk og årsstudiet i pedagogikk starta opp hausten 2016 med svært gode søkartall. Søkartalla er framleis svært gode, og ein ligg i rute i høve resultatmidlar. I tråd med studiekvalitetsprosjektet vil vi framleis jobbe for å finansiere ei ny førstestilling knytt til årsstudiet, bachelor- og masterprogramma i pedagogikk innanfor budsjettamma til fakultetet. Med ei ekstra førstestilling vil vi framleis ved vere avhengig av undervisningskapasiteten til stipendiatar, men det vil gjere det mogleg å rullere framtidige forskingsterminar blant dei tilsette på studieprogramma og samstundes redusere midlertidigheit. I samband med etableringa av årsstudiet i pedagogikk, låg det inne ei førstestilling som ein del av studiekvalitetsprosjektet. Vi har hatt to 20%-stillinger fast knytt til programma (i form av mellombelse tilsettingar), men etter kvart må desse gjerast om til ei ny fast stilling slik planen heile tida har vore. Før me får dette til vil fagmiljøet halde fram med å vere pressa, og instituttet vil ha vanskar med å ta imot så mange studentar som vi (institutt, fakultet og universitet) ønsker og forskingskapasiteten vert skadelidande.

Merk: Instituttet bad om at denne nye stillinga vart vedtatt lyst ut i fakultetsstyremøtet 17. juni i fjor (2021/7499-2), og historikken er grundig opplyst om der. Fakultetsleiinga sin kommentar i saksførelegget var der som følgjer: «Fakultetsledelsen ser argumentasjonen, men vil tilrå at drøfting av en tredje stilling tas i høst og i sammenheng med den øvrige ressursdiskusjonen. Utviding av stillingsrammen må også vurderes i budsjettsammenheng.» Me ber om at denne drøftinga blir gjort i samband med budsjettet for 2023.

Vi har også håp om at ei betre bemanning vil føre til større gjennomføringsgrad på masterprogramma våre.

#### *Universitetspedagogikk*

For at vi skal kunne nå strategimåla til UiB må bemanninga auka med endå ei fagleg stilling samt ei administrativ stilling. Den faglege stillinga ligg inne i UiBs langtidsbudsjett med estimert oppstart 2023. Me har vore i dialog om den administrative stillinga med fakultets- og universitetsleiinga lenge. I fjor vart stillinga lyst ut og tilsettingsprosessen nær ved å bli fullført, men stillinga vart trekt tilbake då UiB ikkje sette av midlar i budsjettet for 2022. Det er kritisk å få på plass ei administrativ stilling knytt til



universitetspedagogikk for å følgje opp langt fleire deltakarar enn før og for å administrere ei langt større kursportefølje enn tidlegare. Stillingane knytt til universitetspedagogikk er ein del av UiBs prioriterte avsettingar, og det er såleis rimeleg at dette ikkje blir ført opp som ein del av ramma til Det psykologiske fakultet, men som midlar utanfor ramme dekkja av UIB sentralt.

**Lektorutdanning**

Økonomien i lektorutdanninga er uoversiktleg. På oppdrag frå styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB vart det satt ned ei arbeidsgruppe som skulle skaffe dei involverte ei betre økonomioversikt, og dermed vonleg også gi dei involverte lærarutdanninga moglegheiter for langtidsplanlegging av ressursbruk, tilsetingar og faglege prioriteringar. Men denne er no avvikla utan at endeleg sluttrapport føreligg.

For vår bemanning av lærarutdanninga og planlegginga av denne er det naudsynt med transparens i økonomien, og det er viktig at den er føreseieleg. Det er viktig at me både får eit avklart forhold internt ved fakultetet over rammene for bemanninga, samt at ein i den sentrale fordelingsmodellen ved UIB har eit avklart og transparent økonomioppsett. For redesignprosessen ved lektorutdanninga er det viktig at pedagogikkemna i den 5-årige lektorutdanninga blir redusert frå 4 til 3, og at emna ligg mest mogleg jamt fordelt på haust og vårsemester i høve talet på studentar som blir undervist kvart semester. Det siste av dei tre emna bør ligge på masternivå. Ein reduksjon av emne vil vere ressursparande i seg sjølv, men det vil også gjere at me vonleg slepp å hyre inn mellombels tilsette i haustsemester for å få logistikken til å gå opp – og at me vonleg vil oppnå større stabilitet i fagmiljøet. Me må her også ta høgde for auka studenttal frametter.

Den organisatoriske modellen i lektorutdanninga lagar meirarbeid og tar arbeidskapasitet. I og med at den integrerte lektorutdanninga er styrt av ulike fakultet har utdanninga vore dårleg koordinert, noko som fører til meirarbeid for de tilsette. Eksamensutgiftene har også vore urimeleg høge. Ein har også problem med å einast om meir effektiv organisering av praksis, noko som betyr at vi må bruke meir ressursar for å få ting til å gå rundt. Det er lite av dette ekstraarbeidet som er synleggjort, men det går utover både trivsel og den einskilde sin forskingskapasitet.

**Plan for avgang og rekruttering – Tabell**

<b>Tabell 3. Plan for avgang og rekruttering</b>							
Avganger (årsverk)	2022	2023	2024	2025	2026	Kommentarer (f.eks. hvilket studieprogram)	Sum
Vit. hovedstillinger	1	1		1	1	2022: 1 MABA pedagogikk (er erstatta) 2023: 1 lærarutdanning 2025: 1 MA BA pedagogikk 2026: 1 Universitetspedagogikk	4
Vit. bistillinger							0
Administrative stillinger							0
Stipendiatstillinger	1		1	3	7		
<b>Sum avganger og rekrutteringer</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>4</b>	<b>8</b>		<b>16</b>

Mrk: for vitenskaplege hovudstillinger er avgang rekna ved fylte 70 år.

**3. Budsjettforslag 2022. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)**

Budsjettforslag BOA	Nåværende portefølje	Sum forventet portefølje i 2023	Inntekter fra BOA*
<b>Forskningsrådet (NFR)</b>	600 000	850 000	100 000
<b>EU</b>			
herav EU, forskning	0	0	
herav EU, utdanning og annet	350 000	400 000	300 000
<b>Andre</b>			
herav andre - statlige etater	3 400 000	3 400 000	500 000
herav andre - kommunale / fylkeskommunale etater			
herav andre - organisasjoner			
herav andre - gaveforsterkning			
herav andre - gaver			
herav andre - næringsliv/privat			
herav andre - stiftelser	500 000	500 000	
herav andre - øvrige			
<b>Oppdrag</b>	1 300 000	1 300 000	300 000
<b>SUM</b>	6 150 000	6 450 000	1 200 000

\*Med inntekter fra BOA menes netto dekningsbidragsinntekter + eventuelt frikjøp

I 2022 hadde IPED eit driftsbudsjett på 1,4 millionar kroner, der om lag 700 000 kr var basert på eksterne inntekter, så slike inntekter utgjer ein vesentleg del av instituttet sitt budsjett. Instituttet vil truleg også måtte hente inn tilsvarande beløp i åra frametter for å kunne oppretthalde budsjettet sitt på tilsvarande nivå. Talet på inntektsgjevande prosjekt ved IPED er i vekst, og instituttet vedtok i 2022 retningslinjer for fordeling av desse inntektene mellom fagmiljø og institutt. Mest vanleg vil det vere at inntektene kjem frå FOU-tid brukt inn i eksterne prosjekt der våre tilsette nytter forskningstida si inn i prosjekta, og der prosjektet betaler UiB for denne tidsbruken. Det er primært desse i prosjekta at det er snakk om at å fordele inntektene mellom fagperson/fagmiljø og institutt, men instituttet har også inntekter gjennom EVU. For 2023 estimerer me at me vil få inntekter på 1,2 millionar kroner, der 600 000 vil gå inn til driftsbudsjettet, medan resten vil gå direkte ut til fagmiljø og genererer inntektene slik at dei kan nytte desse inntektene direkte inn i forskingsføremål.

**Likestilling, mangfold og inkludering**

Instituttet kvalifiserer ikkje for å søke på nokon av desse midlane.



### Oppsummering

Institutt for pedagogikk arbeider i tråd med universitetets prioriteringar og ambisjonar. Oppsummert under er ei punktliste over viktige tiltak for oss som då også er skildra tidlegare i dette dokumentet. Vi ynskjer å:

- Lyse ut ei førsteamanuensisstilling ved lærarutdanninga for å erstatte professor på fagfeltet som blir 70 år i 2023 og såleis går av med alderspensjon.
- Få ei avklaring av økonomiske rammer innan lærarutdanninga og legge ein plan for vidare bemanning. Det er viktig at denne økonomien er transparent. For redesignprosessen ved lektorutdanninga er det viktig at pedagogikkemna i den 5-årige lektorutdanninga blir redusert frå 4 til 3, slik at vi framover har ei realistisk moglegheit til å oppfylle undervisningspliktene våre i lærarutdanninga.
- Lyse ut ei ny stilling knytt til årsstudiet, bachelor- og masterprogramma i pedagogikk, som erstattar tilsette i mellombels II-arstillingar.
- Lyse ut ei stilling som førsteamanuensis i universitetspedagogikk: Denne stillinga ligg alt inne i UiBs langtidsbudsjett med verknad frå 2023. Denne stillinga er utanfor ramma til fakultetet.
- Lyse ut ei administrativ stilling knytt til universitetspedagogikk for å møte nye krav til dokumentasjon av opplæring i undervisning samt betre informasjonsflyt. Denne stillinga er utanfor ramma til fakultetet.
- Prøve ut eit nyutvikla felles metodeemne for bachelorprogramma i pedagogikk og spesialpedagogikk for å redusere strykprosenten og styrke det faglege utbyttet for våre studentar.

Venleg helsing

Kjersti Lea  
Instituttleder

Øystein Steine Larsen  
administrasjonssjef